



Kapittel 17

No skal du lytte til det søttande avsnittet av *Den store nordiske julechallenge*. Les gjennom heile oppgåva, før du lyttar.

A. (før lytting)

Kva tenker du på når du tenker på Finland?

B. (medan du lyttar)

Kva er Finland kjend for ifølgje Nis? Teikn eit hjarte ved dei riktige svara.

- | | |
|--------------------------------------|---|
| <input type="checkbox"/> 1000 sjøar | <input type="checkbox"/> 3 millioner badstuer |
| <input type="checkbox"/> Mummitrolla | <input type="checkbox"/> IKEA |
| <input type="checkbox"/> ABBA | <input type="checkbox"/> HC. Andersen |
| <input type="checkbox"/> SMS-en | |

C. (etter lytting)

Badstukulturen i Finland er heilt spesiell. Her skal du få lese eit lite utdrag av ein tekst om nettopp det.

Spis, sov og gå i badstu

Badstua, eller saunaen, spelar ei stor rolle i den finske kulturen. Det er ein del av kvardagen for dei fleste finnane. I badstua reinsar folk både kropp og sinn og det får fram ei indre ro. Faktisk så handlar saunakulturen meir om mental helse enn om å bli rein.

Badstutradisjonen opptrer òg i finske forteljingar, songar og myter. Folk er fødde i saunaen, dei har hatt kvardagen sin der og dei har klargjort avdøydde vener og familiemedlem i badstua. Badstua er òg samlingspunkt ved festlege høve. Til dømes midtsommar- og julesauna.

Kjelde: unric.org

Del klassa i to og lag to sirklar, ein innersirkel og ein yttersirkel, slik at alle har ein partner. Fortel partneren din kva saunaen betyr i den finske kulturen og i det finske livet generelt.

